



Stendal VVS AS  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1655 - 14/8386

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:  
27.05.2014

## Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Skarpenes, gnr.41, bnr. 18.

**Administrativt vedtak. Saknr: 139/2014**

### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 08.04.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 10.04.2014 og 22.05.2014, om utsleppsløyve for ei hytte på gnr 41 bnr 18 på Skarpenes. Det ligg også føre søknad om tilknytning til kommunalt vassverk. Denne vert handsama som eiga sak.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast med ein 4<sup>3</sup> slamavskiljar, før det reinsa utsleppet vert pumpa til lukka leidning om lag 20 meter ut i sjø og til 15 meters djup. Slamavskiljaren skal plasserast om lag 140 meter frå køyrbar veg og er vist på motteke situasjonskart. Tømmefirma Johny Birkeland Transport AS har inngått avtale med tiltakshavar at tanken kan tømmast mot ekstra kostnad, ettersom plasseringa av tanken ikkje er i samsvar med vedtekter for slamtømming. Det ligg føre erklæring frå eigar av gnr. 41, bnr. 3 som gjev rett til framføring av tømmeslange når tanken skal tømmast.

Tiltaket er nabovarsla. Det er kome uttale frå eigar av gnr. 41, bnr. 90, som også representerer gnr. 41, bnr. 3. Under føresetnad av at eksisterande grenser vert respektert, er det ingen innvendingar mot tiltaket.

### Vurdering:

Utsleppsløyvinga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5.

Tiltaket ligg i regulert område for hytter, Reguleringsplan for Skarpenes. Administrasjonen har vurdert at tiltaket ikkje krev dispensasjon.

Ettersom terrenget er bratt og ikkje tilgjengelig med maskinutstyr, må leidningen leggjast på enklast mogeleg måte og dekkast til, slik at den vert minst mogleg synleg frå sjøsida. Leidningen må førast ut i sjøen, slik at strandsona ikkje vert skadd. Vegetasjonen i traceèn må takast vare på. Det vert vist på situasjonskart, motteke 08,04,2014, til at det skal monterast Elvestadrør.

Det må søkjast Bergen og Omland Havnevesen om løyve til etablering av leidning i sjø.

Administrasjonen har elles ingen merknader til søknaden.

## Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5 utsløppsløyve for ei hytte på gnr 41, bnr 18 i samsvar med søknad motteke 08.04.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 10.04.2014 og 22.05.2014 på følgjande vilkår:

Avlaupet skal gå via slamavskiljar av godkjend type.

Frå slamavskiljar skal avlaupsvatn førast i tett leidning til sjø, og minimum 10 meter under middel vasstand.

Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil. Tiltakshavar skal etter avtale med tømmefirma Johnny Birkeland Transport AS sjølv betale ekstra kostnad ved tømning, ettersom tanken sin plassering ikkje er i samsvar med vedtekter for slamtømming. Viser til saksutgreiinga.

Eigedomen skal betale slangebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Det må liggja føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen.

Tiltaket er søknadspiktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Frank Ove Eriksen  
Trude T. Ystebø

**Mottakere:**

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND